

Kampen er ikkje over!

SV



Terroråtakket mot det skeive miljøet i Noreg i 25. juni 2022, var ein vekkjar for det norske samfunnet. Sjølv om mange i det skeive miljøet dessverre har opplevd, og lenge prøvd å rette fokus mot hatkriminalitet, så rokka skytinga ved London pub ved tryggleiken dei fleste skeive i Noreg har hatt. Saman må vi skape eit samfunn der hat ikkje får grobotn og der mangfald er ein styrke.

SV har alltid vore ein pådrivar for skeiv politikk og har stått saman med den skeive rørsla for å kjempe fram politiske gjennomslag for rettar og likeverd. Vi vil halde fram kampen for eit trygt samfunn der alle har fridom til å vere den dei er og elske den dei vil!

SV vil:

- **Ha ein tredje juridisk kjønnskategori.**
- **At menn som har sex med menn kan vere blodgivarar på lik linje med andre.**
- **Styrke kjennskapen til og kompetansen om seksuelle orienteringar og kjønnsuttrykk hos helsepersonell, politiet, i skuleverket og i utlendingsforvaltninga.**
- **Avvikle behandlingsmonopolet til Rikshospitalet, og endre krava for kjønnsbekreftande behandling.**
- **Opprette regionale behandlingstilbod for menneske med kjønnsinkongruens.**
- **Opprette ei erstatningsordning for menneske som uønskt har gått gjennom irreversibelt steriliseringsinngrep for endring av juridisk kjønn.**
- **Innføre forbod mot kirurgiske og medisinske inngrep på barn med atypiske kjønnsstrekk, dersom det ikkje er medisinsk naudsynt.**
- **Bidra til openheit og kunnskap om kjønnsroller i skular og barnehagar.**
- **Jobbe for at fleire land skal tillate adopsjon til skeive.**

Sosialistisk Venstreparti

Hagegata 22, 0653 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Les om Skeive
Sosialistar her:

